

Til fylkeslaga i Noregs Mållag

Det har blitt etterspurt ei mønsterlov også for fylkeslaga i Noregs Mållag. Styret har vedteke ei mønsterlov. Ho gjev ein god peikepinn på kva som er ei tenleg lov for eit fylkeslag.

Vi ber dykk likevel drøfte grundig paragraf 3.4. Der er laga eit framlegg til tal utsendingar frå lokallag til fylkesårsmøte. I nokre mindre fylkeslag med få lokallag kan den beste løysinga vere at kvart lokallag får tildelt ein rett til å sende fire utsendingar til fylkesårsmøtet for å få til eit større møte. De kan også vurdere det slik at kvart lokallag har minimum tre utsendingar. Gjer ei heilsakleg vurdering av kor mange lokallag fylkeslaget dykkar har, kor langt det vanlegvis er å reise til årsmøtet og kor dyrt det er.

Også paragraf 3.9 kan vere greitt å drøfte lokalt. Paragrafen legg opp til fem fylkesstyremedlemer, men her kan det sjølvsagt vere tenleg i nokre lag å ha eit større fylkesstyre.

Ord og omgrep er henta frå lovene til Noregs Mållag. Fylkeslaga står sjølvsagt fritt til å nytte andre ord og omgrep så lenge de held på meiningsinnhaldet.

Lov for Mållag

Vedteken xx.xx.xxxx

§ 1 Føremål

..... Mållag har til føremål:

- a) å samla målfolk og lokallag i til aktivt arbeid for det nynorske målet på alle område,
- b) å auka kunnskapen om og vørdrnaden for nynorsken og dialektane våre,
- c) å styrkja bruken av nynorsk i området vårt og stø opp om arbeidet nasjonalt for meir nynorsk.

§ 2 Samskipnaden

§ 2.1 Denne lova er underordna lova til Noregs Mållag. Om det er noko som ikkje er omtala i lova eller der dei to lovene stirr mot kvarandre, gjeld lova til Noregs Mållag.

§ 2.2 Mållag er samskipnaden av dei lokallaga som har meldt seg inn i Noregs Mållag via dette fylkeslaget. Det må vera minst tre lag. Einskildpersonar som bur i eit område utan lokallag, kan vera direkte innmelde i fylkeslaget.

§ 2.3 Norsk Målungdom (NMU) er ungdomsorganisasjonen til Noregs Mållag. Einskildlag i NMU er einskildlag i Noregs Mållag. Desse laga har representasjon til fylkesårsmøtet. Fylkeslaget samarbeider med dei lokale laga av Norsk Målungdom frå sak til sak.

§ 2.4 Når lokallaga sender inn årsmelding skal fylkeslaget ha kopi.

§ 2.5 Skrivarstova i Noregs Mållag som administrerer medlemsregisteret, har plikt til å:

- a) opplysa om medlemstala,
- b) senda ut medlemslistene,
- c) opplysa om kva lag som har levert inn årsmelding og endringar i kontaktinformasjon.

§ 3 Årsmøte

§ 3.1 Årsmøtet er det øvste styrande organet for fylkeslaget.

§ 3.2 Det er berre fast møtande fylkesstyremedlemer og valde utsendingar frå lokallaga som har røysterett på årsmøtet, medrekna lokale lag i NMU. Laga må ha sendt inn årsmelding for året før. Årsmøtet kan vedta at nyskipa lag skal få ha éin utsending med røysterett. Kvar utsending har ei røyst.

§ 3.3 Det er årsmøtet i lokallaget som vel utsendingane. Årsmøtet kan gje lokallagsstyret fullmakt til å velja dei. Utsendingane må vera medlem i det lokallaget dei er valde som utsending for. Utsendingane må ha betalt medlemsavgifta for fjaråret eller inneverande år, før årsmøtet.

§ 3.4 Lokallaget vel utsendingar i høve til medlemstalet. Det er betalande medlemmer året før, som tel:

Frå 10 til 50 medlemer: 2 utsendingar.

Frå 51 til 100 medlemer: 3 utsendingar.

Og vidare: 1 utsending meir for kvar påbyrja 50. Dei lokale laga i Norsk Målungdom kan senda 1 utsending kvar.

§ 3.5 Arbeidsåret følgjer kalenderåret. Laget held årsmøte kvart år, normalt innan utgangen av mars. Styret bestemmer tid og stad. Skriftleg innkalling med saksliste skal sendast til styret i lokallaga, seinast ein månad før. Lokallaga må mælda inn saker ein vil ta opp, seinast 14 dagar før årsmøtet. Styret skal senda ut sakspapir og innkomne saker med si vurdering ei veke før årsmøtet. Årsmøtet kan gjera unnatak og vedta å ta opp seinare innkomne saker. Styret kan invitera medlemer og andre til årsmøtet / seminardel av årsmøtet. Årsmøtet kan opna for å gje andre enn utsendingane og fylkesstyret talerett i enkeltsaker.

§ 3.6 Det vert halde ekstraordinert årsmøte dersom styret vedtek det, eller når det blir kravd av så mange lokallag at representasjonsretten deira svarar til minst ein tredel av dei som har røysterett på årsmøtet. På slike årsmøte kan det ikkje gjerast vedtak i andre saker enn dei som var årsak til innkallinga.

§ 3.7 Årsmøtet vel ordstyrar, referent og to til å signera protokollen.

§ 3.8 Årsmøtet godkjener innkalling, årsmelding og revidert rekneskap, fastset fylkesdelen av medlempengane, vedtek arbeidsplan og gjennomfører val i samsvar med lova. Utøver det, avgjer årsmøtet sjølv kva saker dei vil ta opp.

§ 3.9 Årsmøtet vel:

- a) Leiari ved særskilt val kvart år.
- b) Fire styremedlemer med tre varafolk. Styremedlemene vert valde for to år om gongen, og halvparten står på val kvart år, første gongen etter lutkast. Varafolk vert valde for eitt år om gongen. Årsmøtet vel nestleiari, skrivar og kassastyrar, eller årsmøtet kan overlata det til styret.

- c) Lokale lag av Norsk Målungsdom kan til saman nemne opp eitt ekstra medlem til styret, med personleg vara.
- d) To ettersynsfolk for to år, såleis at éin av dei står på val kvart år.
- e) Utsendingar til landsmøtet i Noregs Mållag dei åra det er landsmøte.
- f) Tre medlemer til valnemnda. Medlemene i valnemnda vert valde for tre år, og éin vert skifta ut kvart år, første gongen etter lutkast.

§ 3.10 Valnemnda lagar framlegg til årsmøtet om nytt styre, ettersynsfolk og utsendingar til landsmøtet. Styret føreslår valnemnd for årsmøtet.

§ 3.11 Dei som har tillitsverv for fylkeslaget, skal vera medlem i eitt av lokallaga våre eller i fylkeslaget.

§ 4 Styret

§ 4.1 Styret har ansvar for det daglege arbeidet mellom årsmøta. Det vil seia sikre kontakt og skulering mellom dei lokale mållaga og følgja opp aktuelle lokale språkpolitiske saker. Styret førebur og skriv sakene til årsmøtet.

§ 4.2 Styret kan gjera vedtak når minst tre styremedlemer eller varafolk er til stades, mellom dei leiar eller nestleiar. Vedtaket kan gjerast i styremøte eller skriftleg møte.

§ 4.3 Styret kan setja ned nemnder og arbeidsutval for ymse arbeidsområde, og utarbeida mandat for slike utval.

§ 4.4 Lova, referat frå årsmøte og styremøte, og andre saksdokument skal arkiverast på ein slik måte at dei er sikra for framtida, lèt seg finna att, og er opne for innsyn frå Noregs Mållag sentralt og medlemene i fylkeslaget.

§ 5 Lovbrigde og trygging av eiga

§ 5.1 Denne lova kan årsmøtet brigda med 2/3 fleirtal når framlegget til endring er kunngjort minst éin månad føreåt. Framlegga kan ikkje endrast på årsmøtet dersom endringane fører til at meiningsinnhaldet vert endra.

§ 5.2 Fylkeslaget kan leggjast ned når det består av færre enn tre lokallag. Det skal leggjast ned dersom det skiftar føremål slik at det ikkje lenger er i samsvar med § 1.1. i denne lova. Har fylkeslaget færre enn tre lokallag, har det ikkje lenger rett til utsendingar som fylkeslag på landsmøta til Noregs Mållag.

§ 5.3 Dersom laget vert lagt ned, skal styret i Noregs Mållag ta vare på eiga til laget til dess det blir skipa eit tilsvarande nytt lag. Dersom det ikkje blir skipa eit nytt lag innan fem år, skal Noregs Mållag disponera eiga til beste for målarbeidet i samsvar med føremålet til laget.